

Ola Jonsmoen

Savalen – ei kjærleikssoge

Illustrasjonar ved Unni-Lise Jonsmoen

Det er ein viss fare for at dette blir ei kjærleikserklæring og derfor sakeleg sett ikkje til å stole på. Ein forelska beilar er som kjent ikkje i stand til å beskrive i nøkternt sannferdige ord og vendingar den heile og fulle sanninga om objektet for sine emosjonar. Eg snakkar ikkje om jenter. Det er Savalen det gjeld. Av den grunn må eg kanskje begynne med å seie: Eg er partisk og uforsvarleg inhabil.

Det er så fint oppmed Savalen at folk trur eg skryter når eg til langfarande framandfolk bare i forsiktig ordelag gjengir det auga ser og det sjela sansar. Eg står altså i eit hjartevarmt forhold til Savalen, til sjøen, til naturen ikring, og til menneska som på eitt eller anna vis har det på same måten som eg, at Savalen er og blir eit paradisi på jord.

Så varmt kan det seies. Og det enda så mye kald nordavind eg der har opplevd, dette umiskjenneleg arktiske draget kjem nordafra Sparsjøvollen, riv med seg kuldegysingar langs opne myrstrekk nordom nordenden, bles seg opp og blir uregjerleg etter en sving innom Knapperåsvika og tek seg på tak langs Harnesodden eller fer over til Kvitsteinslandet, før han kjem for fullt rett i synet på meg som stri motvind, same kva retning eg ror i. Og likevel,

Savalen er ei perle. Godt å komme uti ein varm sommardag – det fins forresten ikkje lenger – og enda betre å komme oppatt. Altså to gleder i eitt og same sjokk.

Folk som har opplevd og alltid deretter drømmer om Sydens lunkne dønningar får salte Savalen, snu finlands-hetta og kaste seg uti. Det herdar kroppen og kvesser overlevingsevna, ja for det er eit fjellvatn me snakkar om, 730 meter over havet, ikkje Stillehavet ved Ekvator 0 meter over havet, eller bassenget på Grand Canaria med 1,2 i promille.

Det er ikkje rart at det fins mange kjærleiksbrev om og til Savalen. Det er privatbrev og prospektkort, rørande beretningar i hytte- og sæterbøker, reisebrev i aviser og velkjente litterære godbitar, som Kolbotnbreva til Arne Garborg, for ikkje å snakke om Hulda Garborgs kjærleikserkøringar. Smetta inn i Ivar Mortensson Egnunds mange refleksjonar frå gylne fjellsomrar er Savalen ikkje til å oversjå, og Kitty Wentzels miljøglimt frå Nordpolen – altså den østerdalske – er verd å sitere :

”Bare roturen til ”Nordpolen var litt av et eventyr. Sommerkvelden var vidunderlig. Skogen sto så å si rett ned i vannet, gran og furu, einer og kronglebjørk. Savalen lå rett



utenfor stuedøren, blank og diger. Og ovenfor ruvet "Trondfjell".

Ikkje rart at folk vil bygge på Savalen, som det heiter. Det siste må vere ei våt affære.

Å bygge på Savalen er tvilsam husbygging, med konstant vatn i kjellaren. Eg har forresten ikkje sett eit einaste flytande leilighetskompleks vogge ved strendene. Så det er helst ein seiemåte som narrar oss ut i det våte element. Det rare er at uttrykket ikkje bare har festa seg i daglegspråk men og i byggesakspapir, enda ein skal langt unna strendene for å få løyve til å reise nybygd sjøl den minste fiskarbu.

Det folk meiner er å bygge ved Savalen, eller nær Savalen, bygge så ein ser glimt av Savalen, eller i det minst kan kome seg ned til Savalen og til og med

utpå, om ein så skal kjøre noen kilometer. Det fortel at Savalen ligg som ein magnet og syg folk til seg.

Er det fisken som dreg folk? Sjølsagt, ville eg alltid seie, til dømes på eit årsmøte i Savalen fiskeforening. Maken til fisk! Noe anna ville vere utenkt. Da kunne eg få juling etterpå, bli med utom veggen, som det vart sagt i gamle dagar. Da visste ein at her måtte ein gå med knyttnevane øvst i bukselomma om ein skulle berge livet. Forresten no overdriv eg, østerdøler slæss bare for moroskyld. Når dei blir for sterke inni trong dress og ikkje finn annan måte å få det ut på, giv dei laus på kvarandre, slik at dei kan rusle heim arm i arm og vere inderlege kompisar til sin døyan' dag. Slik tynsetingane gjorde.

Det var eit par karar som gjekk heim frå 17. maifest, gjekk jønbnanelina, arm

i arm. Da snåva den eine i ein sville og flaug opp og vart eitrande forbanna: Ska eg dråppå deg? sa han og løfta knyttneven. Det er støgt å dråppå folk den 17. mai. sa den andre, og dermed rusla dei vidare inn i soloppgangen den 18. mai.

Det er alltid snakk om å berge humøret, som slik til kvardags eigentleg vil seie å berge livet, og dermed er eg ved mitt neste poeng. Kor avhengig er alle Savalentusiastar av å få fisk, mye fisk, stor fisk?

Eg har ingen vitenskapleg haldbar statistikk å støtte meg til, men ein kan sjå på ein fiskar korleis fangsten har vore, ein kan lese i fjeset same kor durkdriven han er. Ser fiskaren bekymra ut når du spør – åssen gjekk det? – og han svarar: "bare noen pinner", kan du vere sikker på at vedkomande har nok til bryllaupsmiddag og meir til. Ingen skikkeleg fiskar fortel kor mange, eller rettare, kor mye han har fått.

Men for å vere ærleg og alvorleg: Det er ein naturresurs og ein folkeleg trivselsfaktor for oss at Savalen er eit godt fiskevatn. Sjøl tyske turistar som er reint opp i undring over å kunne få ro i blankt og reint "blandevann", som dei formulerer det, veit at fisk og fred og fryd er ein umisteleg verdi, og ein anti-stressfaktor for hektiske moderne menneske. Lenger tør eg ikkje gå i psykologisk lei. Eg er dessverre både som livskunstnar og sportsfiskar dårleg utrusta med ro i sjela og så utålmodig av natur at eg ventar at fisken forstår mitt gemytt og høgg seg på straks eg kjem i båt.

Folk som har meir vett, bruker sine fiskestunder til å styrke sitt forråd av livsro og klokskap. Fiske utan fisk er ein meditasjonsteknikk som eg beundrar.

Eg observerer at folk som har stått på isen time etter time kjem skrevande, stivfrosne, men lykkelege til lands, med eit gemytt så snilt og blidt og klokt, at eg riv av meg skinnlua og bøyer meg i støvet, det vil seie i fonna.



Og dessutan er det to ting til: Dei som har fått fisk kan fortelje omatt og omatt om alt det dei fekk. Det veks i antal frå gong til gong, og fisken blir større og større. Den som ikkje fekk fisk kan berette med intensitet om den fisken som sleit seg og framleis er ein av desse som går i djupet og lurar og planlegg å bli 30 år og døy av eigen alder, ikkje som offer for magot eller sølvglinsande sluk eller natteraud tørrfluge. Han er alltid størst, fisken som sleit seg, og fortellinga om den fisken får evig liv. Eg opplevde forresten eingong at kona mi, som ikkje er eit storkjefta kvinnfolk

slik til kvardags, snarare tvert om gjennomført pynteleg i talen, banna så høgt ein vinter ho fekk på ein fisk og ikkje hadde stort nok hol til å få han opp, lirka og lirka og skreik etter øks og isbor og hjelp, men det gjekk ikkje, og til sist sleit han seg laus og fór.

Ho brukte så sterke utrop at ein familie som hadde påskeferie på nabo-hytta samla saman ungane og jaga dei i hus enda det var strålende solskin, så dei ikkje skulle bli utsette for meir faenskap, hadde eg nær sagt.

Kva hadde Savalen vore utan fisk og fisking? Eg kunne snarare spørje omvendt: Kva hadde Savalen vore med *bare* fisk og fisking? Ingen natur ikring, Savalen blinkande i eit flatt ørkenlandskap? For pasjonerte fiskarar ville det kanskje ha vore nok, kanskje til og med ideelt, så slapp ein bli distraherert av mjuke åsar og godslege fjell. For ikkje å seie av glade menneske på utflukt ved strandkantane. Folk grillar og pratar og er blide medmenneske for kvarandre. Bare fisk, altså! Men sjøl pasjonerte fiskarar vil nok rekne inn i sitt opplevingspotensiale dei tilleggsverdiane Savalen har, og som kanskje vel så mye er kjernen i trivselen, for eksempel fine utsyn, båten, kaffekjelen, brødsnivene, gode kameratar, og dertil – om ein er heldig og tålmodig – fisk naturlegvis, medrekna den store som gjekk att.

For ein som har levd ei stund hører det med i oppfatninga av Savalen dei minne ein har frå tidlegare tider. Eg minnes særleg den eventyrlege nattstemninga det var å drive med lysterfiske etter røye på ørane. Susande parafinlamper eller livsfarlege bensinlamper. Blekkstilt måtte det vere. Det minste vinddraget gjorde det vanskeleg

å sjå fisken, eller rettare sagt sjå sikkert kvar han var. Så var det å vakte på stille og kalde septembernetter. Eg veit vi stod ute ved sætergrinda oppe i Lomsjødalen og speida nedetter dalen og nordetter Savalen. Var det stilt, skal tru, bortmed Skolholmen eller inni Belsvika? Hm, tvilsamt, det gusta, som me sa. Så stod me der og stirte, og skar tenner om me fekk sjå det blinka kvitt i lys fleire stader i synsfeltet. Stilt altså likevel der, og me var ikkje alt i båt.

Det var nesten ei mytisk stemning meir enn mystisk. Ein romantikar vil seie trolsk og lydlaus. Ein måtte ro med stille årer langs ørane for først å få netta på pinleg rett plass akkurat i kanten mellom ør og skråning mot djupare vatn. Finstilt ytst på marbakken. Far min var ein pirk med streng beskjed om å ro rett, og han sende stygge blikk om eg kom i skade for å plaske med årene. Men så var vi i gang og glømte alt anna. Lampa med det blåkvite susande lyset framme i stamnen, håva lurt inn under fiskebuken og så opp i båten med ein eller to eller tre sprellande røyer. Spenning og konsentrasjon.

Men minst ein gong på natta til lands for å koke kaffe. Det brann i småbål kringom, og munter prat og latter kunne ein høre frå fleire lugomme kvilstelle. All samtale kom som i høgtalar over det svartstille vatnet. Av og til drog ein kjensel på ordbruk og tonehøgde. Der ja, fåsetingane er på plass, latteren hans Anton post, han er kvell i målet, og der hører me Jo Tanga kneggar og trivs, er det han Tor som er med han i natt?

For ein ryss var dette sjølve eventyret, svart natt, gulraud glinsande fisk, sprakande bål, lov til å drikke kaffe som ein



vaksen kar, trøtte grålysningar med lang rotur til naustet, livsfarleg frost med silketynt islag i båten. Det var spenning på fleire plan. Fisket var både matauk og avkopling, ikkje minst styrking av vårt mentale immunforsvar.

Bare namna på ørene fortel historia om Savalen. Det er kanskje ikkje så mange som er lommekjent på Savalen i dag, så eg får lyst til å nemne somme namn. Det ligg ei lita historie attom kvart einaste eitt: Storegråen, Kalvrompa, Ytre Pelle, Reinen, Lang-pær, Nørder Tarallan, Hemmer tangen, Koka, Lommen, Skarven, Stabben, Tal-leken. No har eg bare vore på Straums-øran, rundt Svarthuggu og litt aust om Nordpolen. Eg må også ta med eksempel frå dei 69 namngjevne Fåsetørane: Purk-pær og Purka, Gulbrann, Dans-sturabben, Åne, Bjønn, Kalvrompa, Honnvadet, Skolauet, Massekken, Lom-

men, Skjær-per, Nabben, Klauva, Sølja og Fela.

Det går fleire historier om slagsmål mellom straumingar og fåsetingar. Dei brukte årene til handverje, men eg trur dei var så dårleg til å symje at det vart temmeleg laber dramattikk. Dei turde ikkje slå båtane i senk, og gode grannar er gode grannar alle stader enn i mat-fatet. Dessverre er eg nok for ung til å vere gammal nok til å ha opplevd skikkelege sjøslag på Savalen.

Men eg har opplevd at det flaut blod, mitt eige. Da det vart dagslys og eg kom til lands trudde folk at eg hadde vore i kamp. Eg bar synlege teikn på ein hardhendt skjebne. Norskamerikana-ren Edvin Rude var ein ypperleg påhengsmotomann. Men av og til klikka det for han, det vil seie for motoren min. Og ei natt me skulle forflytte oss til meir lovande fiskeører, eg trur frå

Raudhåmmåren til Ytre Pelle, fekk eg ikkje start. Fikla med valne fingrar, skrudde i mørkret på sjåk og bensinkran og drog i startsnora, men ingen start. Til sist vart han som var med meg utålmodig, og kom bak i båten, gauv på startsnora og drog til. Eg fekk albogen midt i nasen, så blodet silte. Men kva gjer vel det. Motoren gjekk. Så fekk eg heller til trøst sitere Claus Frimann som på 1700-talet skriv songen Den norske fisker:

*Ondt ofte lider den fiskermand,
Som ud må fare før hanen galer,
All dagen plaske i kolde vand,
på hjem ei tenke før solen daler...*

Alt blir så snilt og blidt når ein sit trygt innomhus og tenkjer på kortbuksesomrar og turnsko og pluss 20 i vatnet og 25 på land. Men Savalen kan pruste seg opp, og gå kvit. Eg forliste for ein to-tre år sia. Min styrlose plastbåt vart funnen liggande og drive midtjords utafør Savalberget. Sjøl var eg ikkje om bord, og ingen andre heller. Båten hadde kome på rek av seg sjøl, og vart berga av to omsorgsfulle damer som fekk han baksa i land. Slik fekk eg att båten. Det viste seg at det å etterlyse sakna objekt på årsmøte i Savaen fiskeforening overgjekk etterlysingar på plakat så vel som på digitalt vis. Eg tilrår det som medium



for ungkarar som manglar kjerring eller andre som har gått i baret og ikkje finn heimatt.

Savalen i storm er ikkje til å spøke med. Ein gong, som spinkel femtenåring, var eg rorskar i ein grovbygd og tungrodd båt, ein såkalla Savalbåt. Det var årekipper og sessfjøler for fleire rorskarar, men me var to, og han som var noen år eldre enn eg var i ferd med å få opp ein rev. Me måtte gje oss. Eg beklagar å måtte innrømme, det ligg ein rev full av fisk tvers over Sandvika. Det må ein seie er vellagra rakfisk, 60 år gammal og godt utvatna.

Det var eit nederlag for rorskaren, eg mins det. Og eg minst også ein annan ting. Samtidig med oss var Sima Øren og Ragna, kjerringa hans ute for å ta oppatt netta. Det bles så besett at me såg ikkje heile Ørbåten samtidig, ein gong var han Sima høgt til vers, ein anna gong Ragna, ikkje fullt så høgt, ho var tyngre i sessen. Men båe var herda Savalfiskarar og overlevde, Sima godt og vel 80 år og av seig bjønnskyttarslekt. Ragna noe yngre. Dei låg på setra nedst i Lomsjødalen og fiska i storm og stille.

Det seier seg sjøl at eit vatn som ligg på grensa mellom Alvdal og Tynset er som eit nav for alle slags historier. Jon Tangen frå Egnund hadde så mange at eg planla å få skrive ned noe av alt han kunne fortelje. Me hadde avtale fjorten dagar fram i tid. Tida innhenta Jon, og dermed meg. Han døde før eg fekk nedteikna det eg hadde emna på. Men ei historie hadde Jon alt fortalt meg, om far sin, Peder Tangen, som hadde vore i Amerika – både han og kona Sigrid hadde vore der ei tid. Peder var fjellkar, og fiskar, og ingen kunne med noen rett påstå at han var lettskræmd og over-

truisk. Men, sa Jon, ei natt han hadde lagt seg til i Svarthu'buva opplevde han noe han ikkje fann forklaring på. Han var våt og trøtt og frossen etter ein lang dag i fjellet, fyrte opp i den vesle feleomnen som var der, matstelte seg og la seg på brisken. Ein vrengte ikkje av seg våt vedmål fordi om ein skulle legge seg til å sove. Ein låg heil, som det vart sagt. Det brann lystig av tørr ramved i feleomnen og Peder somna. Da fekk han det for seg at det kom inn ein liten gubbe i bua og velte Peder ned av brisken. Han vakna av at han låg på golvet og fraus. Peder tok det med fatning, fyrte oppatt i omnen og la seg til og somna att. Men det gjekk ikkje betre til enn at same gubben kom inn, tok tak og rulla Peder ned frå brisken. Han vakna av at han låg og hutra på golvet. Han gav seg ikkje, la seg til rette enda ein gong, og somna.

Men da han vart velta ned frå brisken for tredje gongen vart Peder så forbanna – eg trur ikkje han var redd verken amerikanarar eller underjordiske, sa Jon om far sin – men han far ville ha nattero og søvn. Så Peder pakka sekken og gav seg på heimtur i svartaste natta, det er ei dryg halvmil, ja meir til.

Ei tid hadde eg ein ærgjerrig idé om å skrive ei bok om Savalen, og samla stoff i fleire år, ikkje minst frå Nordenden, der hyttens spreidde seg i landet, og reiselivsnæringa fann sitt ideelle revir. Det vart aldri noe av det, enda så morosamt det ville ha vore å binde saman gammal tid med nytid, ferdafolk og bygdefolk, fiskeskrøner og gudsens sanning, skøyteløparar i verdensklasse og gamle ferdasveggar over Savalisen.

Det vart med tanken. Ein blir ofte for sein med å få tak i dei som kjenner

historia på eigen kropp, som har opplevd fortida i eigen person, og som kan gje sjøl den friaste fantasi autensitet og preg av levd liv.

Eg tenker på ein god granne som eg sette stor pris på, Lars Sivilhaug, som hadde mye kunnskap og sine eigne meiningar om mye og mangt, og som hadde evne til å berette om dei for andre. Ein gong drøfta me namnet på Savalen. Kva som var opphav til det. Eg sa, og trur eg har rett, at Savalen rett og slett betyr sjøen. Oluf Rygh trur namnet kjem av sivalr som betyr rund, men sjøen er ikkje rund. Ein annan forskar meiner at namnet kan ha samanheng med sefa, gjere roleg, eller med sef som i norrønt betyr gras. Men Savalen er verken spesielt still eller særleg grasgrodd. Ein kan altså tru det som høver best. Eg held fast på sæ som rett og slett betyr sjø på gammalnorsk.

Å reise på sjøen var identisk med å reise på Savalen i mi grend. Har du vore på sjøen? betydde ikkje noe anna enn å ha vore på Savalen, med nett eller med anna reiskap. Å reise til sjøss var noe anna, da reise ein utaskjærs og til havet. Det beviser, meinte eg, at Savalen kjem av gammalnorsk sæ som betyr sjø, og som i genitiv heiter sævar. Kan det ikkje bli saval av slikt?

Ein kan tenkje annleis, men i same lei. Saval kan koma av sjøval, eller sjøvald, jamfør elgvald, altså sjøeigedom, vald er ein rettigheit ein har til å utnytta dei rikdomar som fins i sjøen. Sivilla, elva som kjem frå Savalen, stadfester mi tolkning.

Innfløkt, tja det kan ein seie og det syntes Lars òg. Han hadde ein annan teori. Ein kveld hadde han hørt på radio nytt frå Midt-Austen. Da hadde

han snappa opp omtale av eit vatn som heitte Savalon. Eg fann sjøen att i ein atlas, sa Lars, han hadde same form som Savalen, og da stod det klart for meg. Ein gong, for fleire tusen år sia, hadde det fare ein arbarar på vandring i Nord-Østerdalen. Han hadde fått med seg ein fåseting som kjentmann, og dei to kom traskande opp frå Midtvangan og over Gråvola, og da fekk arabaren sjå det blinka under seg og han syntes han såg sin barndoms sjø og ropte ut Savalon. Fåsetingen fekk ikkje rett med seg det han sa, men han trudde det måtte vere Savalen, og sia vart det namnet. Sa han Lars!

No ser eg atter slike fjell og dalar, som deim eg i min første ungdom såg, song Åsmund Olavsson Vinje som kjent. Der var iallfall Lars og eg samde. Me såg Savalen slik han var for auga, men samtidig i eit fjernlys frå barndomsår. Det vil me ha til felles med mange. Folk har ulike assosiasjonar som fascinerer, sjarmerer og knyter dei til dette blankblide auget i Nord-Østerdalsnaturen.

Artikkelen er eit kåseri på årsmøtet i Savalen fiskeforening, Einaly, 6. mars 2012.

Kjelder

Kart teikna av Asbjørn Løkken, Alvdal Tynsetboka IV, s.243 - 245.

Ivar Mortenson: Svall, 1898, s.170.

Om forfatteren

Ola Jønsmoen, født 1932, bur i Sivil-dalen, lærar Tynset gymnas / Holmen vgs, rektor Holmen vgs, forfattar og kåsør.